

Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

Referat frå soknerådsmøte nr 6/2024, 18.desember 2024 kl 18 .

Stad: Jondal kyrkjelydskontor

Desse møtte: Trygve B Myrlid, Maria E Sørheim, Ida Sofie Holmen, Rannveig Hammer,
Arjen L H Stolk og Eli G Torsnes

Forfall : Ingebjørg P Grøtt og Sveinung Toreid

Frå staben: Arne Opsahl-Engen

Saksliste

32/2024	Godkjenning av innkalling og saksliste- Innkalling og saksliste vart godkjent.
33/2024	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 5 / 2024 – Referatet vart godkjent.
34/2024	Kyrkjevertliste og offerliste vår 2025 – Framlegget til offerlista for våren 2025 vart gjennomgått og gjort nokre rettingar på. Sidan offer til ulike aktivitetar innan kyrkjelydsarbeidet vert sett inn på same kontoen, vart soknerådet samde om å bruka kyrkjelydsarbeid som tittel når offeret går til Jondal kyrkje. Kyrkjevertlista fram til ut mars er sendt ut. Lista vert arbeidd vidare med. Om den som er sett opp som kyrkjevert, ikkje har høve til å vera kyrkjevert, må vedkomande sjølv ordna med "vikar". Når lista for fyrste halvår -25 er klar, vert den sendt ut.
35/2024	Bispevisitas våren 2025 (Arne) Arne Opsahl-Engen delte ut førebels program for bispevisitasveka i mars 2025 og dette vart gått gjennom. Meir orientering kjem like over nyåret.
36/2024	Gudstenestelista for våren 2025 (Arne) - Lista over oppsette gudstenester våren 2025 vart delt ut og gått gjennom.

37/2024	Nytenking kring gudstenestene (Arne) - Arne Opsahl-Engen orienterte om endringar og prøveordninga på Utne fyrste halvår 2025. Soknerådet vil få referat om dette når endringane er evaluert etter våren -25. Det vil også verta ei lovsongsgudsteneste i samarbeid med gruppa i Herand.
38/2024	Økonomi - Soknerådet fekk orientering om Ullensvang Fellesråd sin økonomiske situasjon. Det vil verta gjort tiltak for å redusera utgiftene til mellom anna straum. Kva konkrete tiltak som vert gjort, vil ein koma attende til ved seinare høve.
39/2024	Val av ny leiar og nestleiar i soknerådet- Trygve B Myrliid vart vald til leiar for 2025. Maria E Sørheim vart vald til nestleiar for 2025. Vala var samrøystes.
40/2024	Eventuelt- Trygve B Myrliid tok for seg “Rutine for utleige av kyrkjene” . Denne rutinen er frå 2022 og den treng ei revidering. Dette vil verta sak på eit seinare soknerådsmøte. Vedlikehald/ombygging av verkstaden ved kyrkjelydskontoret- Soknerådet vart orientert om arbeidet som vert gjort for utbetring av verkstaden med nytt toalett og dusjanlegg. Utebenkane på kyrkjegard – Steinar Smith har reparert og fornya desse. Trygve held på å mala benkene og til slutt montera dei. (rammeverk og fjøler) Reparasjon av kyrkjebenk- Arjen har utført naudsynt reparasjonarbeid.

Møtet slutt kl 19.40.

Torsnes 26.12.2024

Eli Galtung Torsnes

Skrivar